



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|---------------|------|------------|
| 66/2022 | Kommunestyret | PS | 14.06.2022 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|-----------------|-------|------------|
| Åse Elin Myking | | 22/316 |

VEDKOMANDE KOMMUNALE BYGGEPLASSAR

Vedlegg:

Notat om tariffavtale

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Kommunestyret - Sak 66/2022

KOM - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bakgrunn for saka

Vedtak i kommunestyret 10.mai etter interpellasjon frå Thor Andersen, AP.

Kommunestyret ber administrasjonen komme tilbake i neste kommunestyremøte med egen sak som omhandler lovgrunnlaget og eventuelt rettskraftig dom som hindrer Vaksdal kommune å stille krav om tariff som en del av konkurransegrunnlaget.

- 1. Lovligheten av å kreve tariffavtale som en del av anbudsgrunnlaget.*
- 2. Maksimalt antall ledd i underleverandørkjeden*
- 3. Krav om lærlingeordning i bedriftene*

Formelt grunnlag

Sak 51/2022

Vurdering og konsekvensar

Vedkomande krav om tariffavtale

I samband med anbudsprosessen for Vaksdal skule og seinare ved anbudsutlysing for helse og omsorgsbygget på Jamne kom dette opp som eit tema. Odin Prosjekt AS, som kommunen brukar i ein del anbudsprosessar, har klargjort det juridiske grunnlaget for kva krav som kan stillast. Uttalen er lagt ved saka. Dette har og vore belyst i formannskapet tidlegare.

Deira konklusjon kort oppsummert:

Vaksdal kommune kan ikkje krevje at leverandørar har tariffavtale. Når det er sett krav om lønns- og arbeidsvilkår tilsvarande som ved tariffavtale, vil ein sjeldan lovleg kunne evaluere på om leverandøren har tariffavtale. Når det ikkje er sett krav om lønns- og arbeidsvilkår vil slike tildelingskriterium som utgangspunkt vere lovlege, men klart mindre eigna til å fremje gode lønns- og arbeidsvilkår enn eit absolutt minstekrav. Uansett bør Vaksdal kommune sikre at kommunen har gode rutinar for oppfølging av lønns- og arbeidsvilkår.

Ledd i underleverandørkjeden

Det er stilt krav om maks tre ledd som er lovmessige krav.

Krav om lærlingeordning

Det er stilt krav om lærlingordning

Etter interpellantens utsegn i møtet er det avdekket fire alvorlege avvik på to kommunale byggeplassar i mars i år. Kommunedirektøren ynskjer å svare på dette.

Vaksdal kommune kjenner ikkje til at det er avdekket fleire alvorlege avvik på byggeplassane på Vaksdal i slutten av mars. Arbeidstilsynet eller andre organisasjonar som har tilsynsmynde har plikt til å legitimere seg ved oppmøte på byggeplass og til å sende rapport til byggherre etter eit tilsyn. Vaksdal kommune har ikkje mottatt rapport frå slikt tilsyn i mars månad eller seinare. Hovudentreprenør har heller ikkje mottatt slik rapport.

Vaksdal kommune ser alvorleg på dette. Som ansvarleg byggherre ynskjer vi at alvorlege avvik omgåande vert meldt til oss slik at vi kan sjå til at desse vert lukka så raskt som mogeleg.

Om eit tilsyn ikkje følgjer opp rapporteringsplikta er dette alvorleg. At melding om alvorlege avvik tilkjem kommunen tilfeldig gjennom andre kanalar er ikkje akseptabelt. Så langt har det ikkje lukkast kommunen å finne ut om kva som eventuelt har skjedd. Om personar tilknytt kommunen, politikarar eller tilsette, får kjennskap til alvorlege avvik der kommunen er byggherre, ber kommunedirektøren om at kommunen får melding om dette så raskt som mogeleg.